





Biblioteket inviterer til boklansering av to bøker med Christian K. Melby

Førsteamanuensis og historikar Christian K. Melby har komen med to viktige bøker inn mot historiefaget. Boka **Europas historie siden 1815** kom i 2024 og er allerede på pensum på lærarutdanninga ved HVL. Den siste boka hans **Invasions: Fears and fantasies of imagined wars in Britain, 1871-1918** kom ut i april i år.

Invasions er eit banebrytande bidrag til korleis førestilling om invasjon og krig kulturelt har definert Viktoriatida, og perioden før 1. verdskrig.

Melby kombinerer forskning i historiefaget og litteraturvitskap. I boka tar han for seg frykt og invasjonslitteratur og studerer kva det politiske har å seie for litteraturen.

Boka Europas historie siden 1815 er ei innføringsbok om dei store endringane i Europa frå Napoleons fall i 1815 fram til i dag.

Melbys spesialområde er britisk og europeisk historie der han særlig ser på samanhengen mellom kulturell, sosial og politisk historie. Både undervegs og etter innlegget er det muligheit til å stille spørsmål. Det blir også lett servering.

Varmt velkomen!

